

RAUD VAL- ALLIANSE

(AKP (m-l) og uavhengige sosialistar)

Valavis for
Sogn og Fjordane



MAGNAR JUKLESTAD

forstemann på lista i Sogn og Fjordane

ARBEID DER FOLK VIL BU

— Målet med valkampen er å gje dei sakene folk sjøl kjemper for ein ekstra skuv framover. For å greie det, er vi og nøydd til å ta opp dei sakene som har splitta både fylke og kommunar i fleire år.

Det er forstemann på Raud Valallianse si liste i Sogn og Fjordane — Magnar Juklestad — som seier dette.

— Staten fører ein konsekvant distriktsfiendtleg politikk, mellom anna i vegpolitikken. Det har vore ein årsviss krangel mellom fylkespolitikarane om kva prosjekt som skulle prioriterast. Stortingsmennene har hoppa på kvar sine prosjekt, og så har det vore full krig.

Det er på tide at fylket no samlar seg om ein politikk som går ut på at løyvingane til heile fylket må aukast.

Sentral sjukehus inga løysing

— Kva med sjukehussaka?

— Dei store sentralsjukehusa kan ikkje erstatte dei mindre, og eit sentralsjukehus som no er planlagt vil vere eit trugsmål mot dei små. Det ser no ut til at det



Førde i Sunnfjord — «vekstsenter for fylket». Kommunane rundt vert tappa for arbeidskraft, stadig fleire blir pendlarar. Kravet må vere: Arbeidsplassar der folk vil bu!

skal kome igang modernisering av dei gamle sjukehusa, men det er likevel klart at når sentralsjukehuset skal reisast, så må det heilt andre pengesummar til om ein då samstundes skal drive dei gamle. Om så skal skje, må i alle fall fylket kome i ei særstode. Alt tyder på at kampen for å halde på

småsjukehusa ikkje er slutt. at planane for rasjonalisering av helsestellet i fylket på langt nær er skrinlagde.

— Fylket har for første gang på lenge hatt større innflytting enn utflytting?

Kraftutbygginga til skade?

— Men skaffar ikkje kraftutbygginga arbeidsplassar?

Kraftutbygginga vil skade jordbruket uboteleg og øydelegge livsmiljøet i bygdane. Fisket i vassdraga er truga. Gaula vil til dømes bli varig øydelagt, og det er verdiar som ikkje kan erstattast med pengar. Raud Valallianse står difor alt arbeid mot utbyggingsplanane og vi står Lauster i deira krav om arbeidsplassar som erstatning. For dei kommunane som berre har kraftutbygging, har det vorte klart at det ikkje er nokon føremun at dei jamvel direkte taper på utbygging.

For Ardal og Høyanger er det etter vår meining rett å reise eit krav om foredlingsindustri. Aluminiumsproduksjon gjev ikkje lenger nokon trygg arbeidsplass. Høyanger og Ardal har altfor lenge vore avhengige av den eine verksemda, som har kunna presse arbeidsfolk og kommunane i alt for stor grad. Sist såg vi dette under EEC-striden. Det er no på tide at folket seier klart frå om dette. Aluminiumsindustrien har gjeve stor profitt og har knekt helsa til hundrevis av arbeidarar i for ung alder. Det er rettferdig og rimeleg at det no blir reist nye arbeidsplassar, og spesielt trengs det i desse byane fleire arbeidsplassar for kvinner.

KVA MÅ GJERAST?



Småskulen i Ardal i Jølster. Skulen skulle leggjast ned, men grendefolket ville noko anna. Ardal private grendeskule vart driven av grendefolket sjølv, inntil staten måtte garantere vidare drift av skulen.

Raud Valallianse har inga patentløysing på alle dei problem folk i dette folket strir med. Folk veit best sjølve kvar skoen trykkjer, og må sjøl reise kampen

for interessene sine. Nokre viktige kampkrav peikar seg ut: — Det må verte lønsamt å drive jordbruk — Sentraliseringa av service-

tiltaka må stoggast

— Vi må få ein utbygd småindustri

Dei fleste parti, til og med Det Norske «Arbeidar»-parti — går imot skulesentraliseringa. Dette hjelper lite om dei ikkje går inn for fleire og mindre ungdomsskular. I dag får kommunane dekkja 85 prosent av driftsutgiftene, mens dei berre får 50 prosent til skulebygg. Fylgjen er at dei små og veike kommunane må sentralisere mest.

Postverket har no planar om å leggje ned ei rad små posthus. Dei som i dag har postombering har fått kjenne vanskaner dette fører med seg, venting og lange reiser til postkontoret. Særleg har eldre folk fått lide for dette.

Det er nokre område der kampen må reisast. Det er slike kampkrav Raud Valallianse vil gå i spissen for, det er slike krav vi vil støtte.

Lista for Sogn og Fjordane

- 1 Magnar Juklestad, student, Jølster. Formann i Arbeidsgruppen mot sentralisering og avfolkning (AMAS) i Bergen, sentralstyremedlem i Norsk Målungdom.
- 2 Kirsti Stegane, lærar, Florø
- 3 Anders Ringstad, bonde, Hyllestad

- 4 Kjell Fredheim, industriarbeidar, Florø
- 5 Narve Trædal, lærar, Gulen
- 6 Kjell Folkvord, lærarstudent, Sogndal
- 7 Arild Reed, psykolog, Gloppen
- 8 Joar Stegane, kontorfunksjonær Florø
- 9 Øystein Bjørnbæk, student, Florø.

Vørnad for dialektane

Vi opplever i dag at nynorsk er gjeve kraftig attende, spesielt austlandsbygdane, men òg her. Dette skjer trass at politikarane seier dei vil betre nynorsken si stilling. I praksis ser vi at dei ikkje kan gå med på så små løyvingar som 3-4 millionar til utgjeving av nynorske lærebøker. Vi treng eit skriftspråk som svarar til talemålet, og vi treng å skape større vørnad for dialektane.

Betre kår for kvinnene!

Svært mange kvinner i Sogn og Fjordane er småbrukarar, mannen har gått over i industrien eller i bygg og anlegg. Når desse kvinnene i tillegg har ansvaret for husarbeid og born, er det sjølv sagt at arbeidsdagen vert tung og lang.

Kirsti Stegane står som nr. 2 på Raud Valallianse si liste i Sogn og Fjordane, og også ho meiner at sentraliseringa er den «utviklingssjukdom» som rammar folk hardest. Ikkje minst får kvinnene merke den...

— Pendling vert stadig meir vanleg i fylket — særleg i stroka rundt Førde og Ardal. For husmora betyr dette eit sterkt psykisk press, mellom anna på grunn av isolasjonen og større ansvar for borna. Ofte ender det med at familien flytter inn til tettstadene. Kvinna som kanskje har vore i fullt arbeid på garden, vert her gåande arbeidslaus. Byråkratane tenkjer ikkje på at alle har rett til arbeid.

— Har unge jenter noko framtid i fylket?

— Det går i dag for seg ei masseutflytting av unge jenter frå fylket. Dei få arbeidsplassane heimstaden har, er som regel ikkje berekna på kvinneleg arbeidskraft.

— Kvar er kvinnene sysselsette?

— Både hermetikk-tekstilindustrien i fylket er prega av kvinneleg arbeidskraft. Det er lågtlønna arbeid, og serleg hermetikkindustrien er ein



utrygg og ustabil arbeidsplass med store sesongsiningar. I det heile er få kvinner sysselsette i industrien. Dei fleste yrkeskvinnene finn ein i sosial- og tenestesektoren — i typisk lågtlønnsyrke.

— Kva med daginstitusjonar for barn?

— Slike er svært dårleg utbygd i fylket. Fylket, kommunar og arbeidsgjevarar har «gløymt» dette kravet. Dette er sjølv sagt ein viktig grunn til at ikkje fleire kvinner tek seg arbeid utanfor heimen, og til at så mange sluttar i arbeid for godt når dei får born.

Daginstitusjonar må byggjast no — ikkje berre for at fleire skal kunne ta seg jobb, men og for å avlaste husmødrene.

— Dei viktigaste kampområda for kvinnene i fylket?


— Det er særleg to ting som reiser seg:

1) Kravet om arbeidsplassar der kvinnene bur.

2) Tilstreккеleg med daginstitusjonar for born.

På same tid må vi freiste å sikre at arbeid utanfor heimen ikkje fører til dobbel arbeidsbør for kvinnene. Og vi må og stø husmora sin kamp for betre kår.

«Einaste høgdepunktet er laurdagsfestane»



Øystein Bjørbeck fra Førde står som nr. 9 på lista til Raud Valallianse i Sogn og Fjordane. Vi spør han om korleis det er med fritidstilbod for ungdommen.

— Ofte høyrer ein at det blir gjort mykje i kommunane for å gje ungdommen gode fritidstilbod, men at dette ikkje er vits i fordi ungdommen aldri er nøgde og sluttar ikkje opp om tiltaka. Arsakane trur eg ligg i at dei unge sjeldan får vere med på å avgjere kva som skal gjerast. Kor ofte ser vi at kommunane og andre som steller med desse problem kryp ut frå sine skjul for å høyre kva

ungdommen ynskjer? Resultatet av at dette ikkje vert gjort er mellom anna svært mykje ungdomsfull. Einaste høgdepunktet i veka er for mange laurdagsfestane.

— Du er idrettsmann, — kva har du å seie om denne aktiviteten?

— Idrettslaga slit med elendig økonomi som hindrar mange klubbar i å drive eit skikkeleg arbeid. Ordningar med horisontale tilskotsveggar, dvs. at staten støt Idrettsforbundet og særforbunda, fylket støt krinsane og dei kommunale laga, fører med seg at

idrettslag i økonomisk svake kommunar får lita eller inga støtte. Dette har stor innverknad for idretten i Sogn og Fjordane. Eldsjeler i dei ymse kommunane må bruke storparten av fritida si for å få fart i arbeidet. Næringslivet har såleis lett kunna skaffe seg billig reklame ved å gje lage og forbunda litt økonomisk støtte. At næringslivet på dette viset får mykje å seie i idrettsrørsla er svært uehdig. Toppidretten har lett for å bli den viktigste delen av idrettsrørsla. Masseidretten kjem i bakgrunnen. Dette har «Idrettsaksjonen -73» teke opp. Toppidrettsmenn, mosjonistar og folk med tillitsverv har gått sammen for å prøve å hindre denne utviklinga. Dette er eit tiltak eg vonar flest mogleg vil støtte.

— Kva med skuleungdommen i fylket?

— Skulane er konsentrert i skulesentra. Dette fører til at storparten av elevane utover ungdomsskulen bur på hybel. Mange slit med økonomien, stipenda stig på langt nær i takt med prisane. Hybelleigene har vorte mangedobla mange stader dei siste åra. NGS og YLI kjemper m.a. for høgre stipend. Raud Valallianse støt desse interesseorganisasjonane, men skuleungdommen må sjølv ta kampen opp mot husleigeauka, og for høgre stipend.

Jordbruket kan vere li hinder for storkapitalen, ikkje for folket

Jordbruket er framleis viktigaste næringa i Sogn og Fjordane. I enkelte strøk, helst i dei indre delane, er det tildels framgang for næringa. Berre enkelte mindre bruk vert nedlagde. Rundt industristadene og i dei ytre bygdene vert mange bruk nedlagde...

Anders Ringstad som står på 3. plass på Raud Valallianse si liste har vore aktiv i kritikk av jordbrukspolitikken. På spørsmålet vårt om hva han meiner om framtida for jordbruket her i fylket, svarar han at vi ikkje må la oss narre av at jordbruket går bra i enkelte bygder.

— Jordbruksnæringa er sterkt truga, for så lenge det på landsplan blir ført ein politikk som fremjar storproduksjon basert på importert kraftfor, vil nedgangen halde fram, og nok melde seg sterkare her i fylket og.

— Kva må gjerast?

— I fylket vårt trur eg det

med å utnytte utmarka er svært viktig. Småfehaldet må styrkast gjennom sterkare subsidiering. Støtte til nydyrking må aukast, og bli regulert i takt med pristigninga. Her i ytre strøk har mange gardsbruk vorte nedlagde fordi folk har tapt ulike tilskot når dei har teke arbeid utanom garden. Det må skaffast deltidsarbeidsplassar, men når ein gard blir driven slik som før, skulle ikkje noko av inntekta gå tapt. Garden er like tungvint som før, og då bør ikkje folk som strevar med den på fritida få den straffa at dei får mindre for arbeidet.

— Kva meiner du om framlegget frå Norges Bondelag om lov mot fabrikkproduksjon av egg og flesk?

— Det er nok viktig, men like viktig er det å stimulere til allsidig drift ved å gi meir for dei første 30 000 l mjølk som vert levert.

— Kven har så ansvaret for at vi står der vi står i dag?

— I heile etterkrigstida kan vi spore den leiande ideologien attende til industrien eller først og framst storkapitalen. Den har gått ut på å stemple jordbruket som eit hinder for velstandsutvikling. Industrien har subsidiert bøndene, heiter det. Gjennom rettleiingstene-sta har det vore spreidd ei pessimisme som har teke alt pågangsmot frå dei som kanskje sto noko svakt. Gjennom avtaleverket, der bøndene ikkje har rett til å røyse over landbruksoppgjoret, har bøndene vorte fagle passiviserte.

— Kva med dei organisasjonane som skal ivareta interessene til bøndene?

— Leiinga i Norges Bondelag har lenge snakka om at no snart blir det slutt på nedlegginga av gardsbruk. Akkurat no blir det sagt om fem år. Det vart sagt på Vestlandske bondestemna. Statistikken viser klart at det no er gardane mellom 50 og 100 mål som går sterkast tilbake. Det er på tide at dei små no verkeleg tek opp kampen, ellers vil det vere for seint innan dei fem åra.



SEND STØTTE!

Send støtte til Raud Valallianse i Sogn og Fjordane, personleg eller ved bankoverføring. Adresser: Raud Valallianse, Postboks 20, 6157, Væringland, Oslo 1.

Bestilling: Raud Valallianse, Postboks 20, 6157, Væringland, Oslo 1.

Namn: _____

Adresse: _____ Poststad: _____

Yrke: _____

Ansvarleg redaktør og utgjevar av denne avisa: Magnar Jukkestad.

Trykt i Samhold-trykk, Gjøvik.